

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR 2020-2023

GISKE KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre revisjonstenester for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS gjennomført risiko- og vesentlegvurdering av eigarskapen i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for eigarskapskontroll.

Ålesund, 09.11.2020

INNHALD

1 Innleiing	5
1.1 Eigarskapskontroll	5
1.2 Metode og gjennomføring	5
2 Eigarskapsmelding og oversyn over selskap som kommunen eig	5
2.1 Eigarskapsmelding.....	5
2.2 Oversyn over selskap Giske kommune eig eller har eigarinteresse i	6
2.3 Politiske saker og tidlegare eigarskapskontrollar	8
3 Vurdering	9

1 INNLEIING

1.1 EIGARSKAPSKONTROLL

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av eigarinteressene kommunen har i selskap mv. som kommunen har eigarinteresser i. Dette blir omtala som eigarskapskontroll. I § 23-4 går det fram reglar om utarbeiding av risiko og vesentlegvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll.

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Eigarskapsmelding vil vere eit viktig dokument ved utarbeiding av risiko og vesentlegsvurderingar og plan for eigarskapskontroll. Ny kommunelov styrker kommunane si eigarstyring i høve kommunalt eigde selskap mv. Eit viktig grep er at det nå gjeld eit lovfesta krav om eigarskapsmelding jf. § 26-1. Her går det fram minimumskrav til innhald i meldinga, og at meldinga skal utarbeidast minst ein gong i valperioden og bli vedtatt av kommunestyret.

Eigarskapskontrollen skal vere med å sikre at kommunen utøver sitt eigarskap på ein profesjonell måte. Dette vil kunne gjere at kommunen kan påverke selskapet i ønska saker, at eventuelle medeigarar blir likebehandla og at selskapet sin uavhengighet blir oppretthalden.

1.2 METODE OG GJENNOMFØRING

Risiko- og vesentlegvurderinga er bygd på informasjon om Giske kommune. Det er sett på politiske vedtak, eigarskapsmelding, rekneskap og tidlegare eigarskapskontrollar.

2 EIGARSKAPSMELDING OG OVERSYN OVER SELSKAP SOM KOMMUNEN EIG

2.1 EIGARSKAPSMELDING

KS rår til at eigarskapsmeldinga minimum bør ha desse hovudpunkta¹:

1. *Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.*
2. *Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
3. *Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*

¹ https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf

4. *Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.*
5. *Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv*

Giske kommune har nettopp utarbeidd eigarskapsmelding som vart vedteken av kommunestyret 29.10.2020 i sak 071/20.

Meldinga inneheld ei drøfting av forskjellige eigarformer, og motiv for eigarskap. Det blir skissert følgjande overordna prinsipp og strategiar for eigarstyringa:

- Meiroffentlegheit
- Etske retningsliner
- Nøktern politikk for løn og godtgjersle
- Klar rolle-/ansvarsdeling
- Eigarskapsmelding til kommunestyret
- Kompetansebehov i styret
- FN sine berekraftsmål

2.2 OVERSYN OVER SELSKAP GISKE KOMMUNE EIG ELLER HAR EIGARINTERESSE I

I eigarskapsmeldinga vart det gitt følgjande oversyn over samarbeid og selskap:

Interkommunale selskap:

- Møre og Romsdal 110-sentral KF, Ålesund
- Sunnmøre Friluftsråd (KO) (tidl. Friluftsrådet for Ålesund og Omegn)
- IUA – interkommunalt utval for oljeforurensing
- Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS
- Interkommunalt samarbeid om offentlege innkjøp
- Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS
- Krisesenter for Sunnmøre
- Interkommunalt legevaktsamarbeid natt
- Sunnmøre kommunale opplæringskontor (SKO)
- Interkommunalt overgrepsmottak for Sunnmøre
- Sunnmøre regionråd IKS
- Ålesundsregionens Havnevesen
- Ålesundsregionens Interkommunale Miljøsekskap IKS

Det går fram av oversikten at til trass for at overskrifta i eigarskapsmeldinga er «Interkommunale selskap» så fleire av dei som er nemnde over interkommunale samarbeid.

Aksjeselskap:

- Giske kommunale legesenter AS
- Gjøvsund utvikling AS
- Hareid fastlandssamband AS
- Hamnsundsambandet AS

- Trafikkterminalen Ytterland AS
- Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn Vigra AS

Stiftingar:

- Stiftinga Giske Omsorgsbustader
- Stiftelsen Alnes fyr
- Stiftelsen Atlanterhavsparken – Norges Nasjonale Akvarium

Medlemsorganisasjonar/foreiningar

- Destinasjon Ålesund og Sunnmøre

Samvirkeføretak

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Det blir i tillegg gitt utfyllande opplysningar om dei forskjellige selskapa.

Årsrekneskapan 2019 for Giske kommune har i note og eit oversyn over aksjar og andelar som kommunen har i varig eige:

Note 6 Aksjer og andeler i varig eie

	Henvisning	Eierandel i	Eventuell markeds-	Balansført verdi	Balansført verdi
Selskapets navn	balansen	selskapet	verdi	31.12.19	01.01.2019
Eigenkap KLP	2214101			kr 14 879 346	kr 13 572 559
Biblioteksentralen	2217001		kr -	kr 1 500	kr 1 500
Sunnmørshallen	2217002			kr 10 000	kr 10 000
Haram/Midsund/aukra bruselskap	2217003			kr 1 000	kr 1 000
Nordøyvegen	2217004			kr 10 000	kr 10 000
Muritunet	2217005			kr 90 000	kr 90 000
Trafikkterminalen Ytterland	2217007			kr 26 750	kr 26 750
Hareid Fastlandssamband AS	2217009			kr 72 000	kr 72 000
Sunnmøre Veginvest AS	2217010			kr 26 000	kr 26 000
Hamsundsambandet AS	2217011			kr 22 000	kr 22 000
Ålesundregionens Interkomm Miljøelskap	2217012			kr 36 500	kr 36 500
The North West	2217013			kr 282 400	kr 282 400
Gjøvsund Utvikling AS (921 716 966)	2217014			kr 300 000	kr 300 000
Utviklingsforum Ålesund Lufthavn Vigra	2217015			kr 25 000	kr 25 000
Møre og Romsdal Revisjon AS Kapitalinnskott	2217017			kr 105 000	
Giske kommunale legesenter as	2217016			kr 1 000 000	
Sum			kr -	kr 16 887 496	kr 14 475 709

'Kommunen hefter ubegrenset for en andel av forpliktelsene til interkommunale selskap tilsvarende kommunens eierandel i selskapet, jfr IKS-loven § 3. Det skal opplyses om kommunens ansvar for gjeld i IKS dersom det er sannsynlig at kommunen må dekke selskapets forpliktelser.

Eventuelt tilleggsopplysninger dersom det er vesentlige endringer gjennom året i for eksempel selskapsstruktur, eierandel, omdanning, fusjon/fisjon, kjøp/salg av eierandeler mv.

2.3 POLITISKE SAKER OG TIDLEGARE EIGARSKAPSKONTROLLAR

Kommunestyret handsamer med jamne mellom saker knytt til eigarskap i aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap/samarbeid. Gjennomgang av saker i kommunestyret og til dels formannskapet frå 01.01.2018 viser at det har vore oppe ei rekkje saker anten som referatsaker eller egne saker:

- Eigarskapsmelding 2020 (Kommunestyret 29.10.2020, sak 071/20)
- Innkalling til møte i representantskapet i ÅRIM – Fredag 30.Okt. (Formannskapet 19.10.2020, referatsak 024/20)
- Ny selskapsavtale ÅRIM (Kommunestyret 24.09.2020, sak 067/20)
- Landstraum til cruiseskip – stifting av Plug Ålesund as (Kommunestyret 18.06.20, sak 041/20)
- Offentlig - offentlig samarbeidsavtale om IKT og digitalisering (Kommunestyret 18.06.20, sak 048/20)
- Generalforsamling i Giske kommunale legesenter as (Formannskapet 27.04.20, sak 091/20)
- Oppdatering av selskapsavtale – Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (Kommunestyret 15.04.20, referatsak 008/20)
- Prinsipp for eigarskapsmelding (Formannskapet 19.03.20, sak 066/20)
- Gjørund utvikling as – drøftings sak (Formannskapet 03.03.20, sak 055/20)
- Møtebok frå representantskapet i Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS (Kommunestyret 13.02.2020, referatsak 01/20)
- Landstraum til cruiseskip – Stifting av Plug Ålesund as (Kommunestyret 13.02.2020, sak 007/20)
- Helsetenesteavtalar, interkommunale tenester (Kommunestyret 13.02.2020, sak 008/20)
- Ålesundsregionens hamnevesen - endringer av vedtekter til høyring (Kommunestyret 13.02.2020, sak 018/20)
- Ny selskapsavtale for ÅRIM - ny høyringsrunde (Kommunestyret 13.02.20, sak 019/20)
- The North West - teikning av aksjar i ekstraordinær generalforsamling (Formannskapet 02.12.19, sak 162/19)
- Sunnmøre interkommunale utval mot akutt forureining nye vedteker og beredskapsplan (Kommunestyret 28.11.2019, sak 114/19)
- Godkjenning av avtale mellom Giske kommune og Giske kommunale legesenter AS (Kommunestyret 28.11.2019, sak 120/19)
- Organisering av Giske brannvesen - forslag til avtale med Ålesund Brannvesen (Kommunestyret 31.10.2019, sak 083/19)
- Val til representantskapet i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS for 2019 - 2023 (Kommunestyret 31.10.2019, sak 099/19)
- Val til representantskapet i Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS 2019 - 2023 (Kommunestyret 31.10.2019, sak 103/19)
- ÅRIM - val av medlem i representantskapet 2019 - 2023 (Kommunestyret 16.10.2019, sak 077/19)
- Organisering av Giske brannvesen - forslag til avtale med Ålesund Brannvesen (Kommunestyret 25.09.2019, sak 053/19)
- Organisering og drift av legekantor frå 01.12.2019 (Kommunestyret 25.09.2019, sak 068/19)
- Ålesundregionens havnevesen - strategisk havneplan 2019-2028 – høyring (Formannskapet 26.08.2019, sak 105/19)

- Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS – Endring av selskapsavtale (Kommunestyret 13.06.2019, sak 034/19)
- Omdanning ved fusjon av stiftingane Sunnmøre Museum, Kulturkvartalet og Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal til stiftinga Musea på Sunnmøre. Godkjenning av vedtekter (Formannskapet 03.06.2019, sak 071/19)
- Fusjon Komrev3 IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS (Kommunestyret 04.04.2019, sak 018/19)
- The North West - søknad om driftsmidlar (Kommunestyret 19.03.2019, sak 012/19)
- Organisering og drift av legekontor frå 01.12.2019 (Kommunestyret 19.03.2019, sak 014/19)
- Ny selskapsavtale for ÅRIM – høyring (Formannskapet 04.03.2019, sak 037/19)
- Hamnsundsambandet - innbetaling av driftsmidlar jf ekstraordinær generalforsamling (Kommunestyret 13.12.2018, sak 070/18)
- Vedtak i formannskapet etter § 13 i kommunelova - Gjøvsund Utvikling AS (us) og kommunal styredeltaking (Kommunestyret 29.11.2018, referatsak 009/18)
- Avvikling av stiftelse - Dr Karl Ragnvaldson og hustru Ovidias legat for Giske Herred – Avviklingsrekneskap (Formannskapet 29.11.2018, sak 132/18)
- Vidare interkommunalt samarbeid om brannvern frå 01.01.2020 (Kommunestyret 27.09.2018, sak 048/18)
- Etablering av Utviklingsforum for Ålesund lufthavn Vigra AS (Kommunestyret 14.06.2018, sak 025/18)
- Gjøvsund fiskerihamn - etablering av utviklingsselskap (Kommunestyret 08.02.2018, sak 005/18)
- Sunnmøre regionråd – referat frå nettverksmøte i Folkevaltnettverket (Kommunestyret 18.04.2018, Rsak 009/18)

Det vart i 2018 utarbeidd både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av ÅRIM IKS (der Giske er medeigar), etter bestilling frå Ålesund kontrollutval.

I eigarskapskontrollaksen gjorde Ålesund bystyre følgande vedtak:

1. Bystyret tar rapporten til orientering.
2. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om oppgavefordelingen mellom ÅRIM og Bingsa Næring.
3. Bystyret ber rådmannen om å legge fram en sak om samordning av strategiene for ÅRIM, Bingsa Næring og Tafjord Kraftvarme AS innen utgangen av 2019.
4. Bystyret ber rådmannen om å vurdere å ta et initiativ ovenfor Sunnmøre Regionråd med sikte på å gi dem en rolle i opplæringen av politikere som har verv i styrende organer, og eventuelt vurderer andre funksjoner regionrådet kan ha i forhold til eierskapsstyringen.

3 VURDERING

Aktuelle tema å vurdere vil kunne vere om

- kommunen har tydelege prinsipp for utøving av eigarskap
- kommunen har føringar på habilitet
- Praktisering av offentlegheit
- Føremålet med eigarskap er klart
- Kontroll av om selskap når sine mål
- Kommunestyret sine vedtak blir følgde
- Føringar for kompetanse styresamansetning

I eigarskapsmeldinga går det fram oversyn over selskapa, og det blir drøfte motiv for dei forskjellige selskapsformene. Det blir vidare gitt overordna prinsipp og føringar for utøving av eigarskap mv. Under avsnitt om Klar rolle-/ansvarsdeling blir dette med habilitet omtalt. Det går og fram at meiroffentlegheit skal praktiserast. Kompetansebehov i styra blir og diskutert i eigarskapsmeldinga.

Giske kommune har ikke eit stort omfang av eigarskap i selskap, men der er nokre. Ut frå at eigarskapsmelding nettopp er vedteken vil det etter vår vurdering kunne vere fornuftig etter ei tid å vurdere å gjennomføre eigarskapskontroll med følgande problemstillingar:

- Korleis Giske kommune utøvar sitt eigarskap
- Korleis Giske kommune og andre eigarkommunar utøvar sitt eigarskap i felleskap